



pH i hud og hundeshampo

I deler av fagmiljøet blir det hevda at hundeshampo skal ha same pH som i hundens hud, dvs ca 7,5. Og det blir sagt at hunden ikkje må badast for ofte pga fare for å fjerna feitt frå hud og pels. Dette siste er rett ved bruk av shampo med pH 7,5 eller høgare; verst er grønsåpa. Optima hudvask derimot fjernar ikkje feitt frå hud og pels. Med denne kan hunden vaskast så ofte som det måtte vera ønskjeleg.

For hundar med hudplager er det viktig å forstå mekanismane som fører til desse plagene. Nøkkelfaktorane, i tillegg til fjerning av feitt, er vekstvilkåra for problembakteriane og proteaseaktiviteten i huda. Proteasane bryt ned cellebindingane i huda og legg til rette for angrep av problembakteriane. Begge faktorane har omtrent same pH optimum; 7-8,5. Hundar som har, eller er disponerte for hudplager, bør derfor **ikkje badast** med vanleg hundeshampo. Derimot så vil hyppig bading med Optima hudvask pH 4 ha gunstig effekt på slike hundar. Proteaseaktiviten er sterkt redusert ved pH 4-4,5 og problembakteriane trivs dårleg i dette sure miljøet.

Oppsummering for bading av hund med shampo pH 7,5

- Fjernar feitt frå hud og pels
- Legg til rette for problembakteriane
- Legg til rette for høg proteaseaktivitet

Oppsummering for bading av hund med Optima pH hudvask for dyr pH 4

- Fjernar ikkje feitt frå hud og pels
- Legg til rette for den gode normalfloraen
- Motarbeider problembakteriane
- Reduserer proteaseaktiviten

Magne Skjervheim